

Motsegn frå Statsforvaltaren i Oslo og Viken

Motsegn til mangelfull varetaking av samfunnstryggleik:

ROS-analysen

1. Må føreta ROS-vurderingar av nye og utvida område.
 - Dette er no gjort.
2. Det er etablert skala for vurdering av sannsynsintervall og vurdering av konsekvensar av hendingane. Det er vanskeleg å sei konkret kva grensa for konsekvensar er. Alle aksepterte innspel har maksimalt moderat risiko. For innspela som ligg lengst unna brannstasjon, vil avstanden til brannstasjon som regel vere den største risikoen (viss det ikkje er andre farar der). Denne avstanden er vanskeleg å få gjort noko med.
 - Ras/skred: berre eit innspel ligg innanfor aktsemdsområde for ras/skred. Dette området har mykje bebyggelse ovanfor, og det er ikkje gjort registreringar av skred. Det vil likevel vere fornuftig å gjennomføre skredfarekartlegging i området. Det er uansett umogleg på noverande tidspunkt å sei om det vil vere farleg å bygge der. Det er også urimeleg å ikkje legge området inn, då ein skredfarekartlegging kan vise at det er trygt å bygge.
 - Flaum: nokre av innspela ligg i eller ved aktsemdsområde for flaum, eller det renn bekkar gjennom. Også her er det relevant å krevje vurdering av flaumfaren på reguleringsplannivå, og ikkje avvise innspelet berre på bakgrunn av det.
 - Skog/lyngbrann: det er vanskeleg å avvise eit innspel fordi skogbrannfaren er stor.
 - Brann/sløkkevatn/tilkomst brannbil: her kjem avstand til brannstasjon inn. Dei fleste innspel har stor avstand til brannstasjon. Dette stiller større krav til sløkkevatn, då brannvesenet truleg må fokusere på å hindre brannspreiing framfor å redde sjølve hytta. Det er aktuelt å stille krav til brannvatn i nye hytteområde. Det kan vere fornuftig for kommunen å gå i gang med ein vurdering av brannvatn i eksisterande hytteområde i Gol. Kanskje er det aktuelt å etablere fleire felles tappepunkt. Tilkomst til brannbil er ein annan ting. Det er viktig at brannbilen kjem seg fram til alle tider av året. Innspela som har utfordrande tilkomst er såpass små at konsekvensen uansett ikkje vil bli så stor.
 - Vind: Gol kommune er ikkje veldig utsett for vind. Dei fleste innspela ligg under tregrensa. Bygningar i Noreg er bygd for å tole litt vind.
 - Forureining: Det er gjort få kartleggingar av resipientar i Gol kommune. Det er difor vanskeleg å sei konkret kva fare for forureining som er for dei ulike innspela. Under punkt 1.7.1 Vassforsyning og avløp (VA) og renovasjon er det lagt inn to punkt om dette:
 - o Ved detaljregulering i område der tettbebyggelsen vil overstige 50 PE utanfor reinsedistrikta, skal det gjennomførast resipientvurdering. Resipientvurderinga skal ligge ved til 1. gongsbehandling.
 - o Planar og tiltak som rører ved vassførekomst med vedtekne miljømål i samsvar med vannforskriften skal greie ut korleis planen/tiltaket påverkar måloppnåinga.
 - Støy og støv: for dei to masseuttaka er støv aktuelt. Elles er støy den største utfordringa. Det eine masseuttaket er frårådd grunna kort avstand til busetnad. Tilrådde innspel innanfor gul støysone er tilrådd fordi det er eksisterande busetnad med endring av formål eller tilbakeføring til tidlegare bruk.
 - Radongass: det er verdt å nemne, men det blir ikkje tillagt mykje vekt. Det er krav om radonsikring for alle nye bygg.

- Høgspenline: det er lagt inn faresoner for høgspen. Innanfor desse sonene må ein vurdere om det kan etablerast noko. Hallingdal Kraftnett er høyringspart i reguleringsplanar.
 - Trafikktryggleik: her er trafikktryggleiken vurdert inn til området. Det er generelt ikkje forbunde stor fare for trafikktryggleiken i denne kommuneplan.
 - Høve til riks- og fylkesveg: omhandlar tilkomsten frå riks- eller fylkesveg. Alle innspelsområda leier til slutt til ein riks- eller fylkesveg.
 - Tilhøve for omgjevnaden: omhandlar andre risikofaktorar enn dei som er nemnd over.
3. Funn frå overordna ROS er nemnd no. Trygg arealplanlegging er viktigaste punktet å ta med seg frå den heilskapelege ROS-analysen for Gol kommune. Det meiner vi er gjort i planforslaget.
 - a. Skildre litt meir funn i overordna ROS-analyse (skogbrann mellom anna)
 4. Skildring av kvart område og risiko og sårbarheit er no gjort for kvart einskilde område.
 5. Det er ikkje synleggjort heile hendingskjeda, frå årsak til eventuelle følgehendingar og konsekvensar for innbyggjarar. Vi meiner dette ikkje er relevant då innspela til denne kommuneplanen ikkje aukar risikoen for fare for omkringliggande område. Meir aktuelt på reguleringsplannivå.
 6. Det er no ein oppsummering for alle innspelsområde der tiltak blir vurdert.
 7. Det er vist til kjelder.

Konsekvensutgreiinga

Aktuelle farar er no skildra der det blir vist til ROS-analysen.

Oppmodingar

Vi vurderer at omsynet til samfunnstryggleik er kartlagt og avklara tidleg i prosessen, sjølv om det ikkje har kome godt nok fram i den tidlegare ROS-analysen. Vi meiner det er eit tankekors når Statsforvaltaren skriv at «kommunen har fleire komplekse utfordringar, som eksempelvis flaum, kvikkleire og storulykkeverksemdar».

Vi er samde i at kommunen har utfordringar med flaum, men dette er i hovudsak i kommunedelplan. Det er ikkje lagt inn innspel nær Hallingdalselva og Heimsil, som er dei to hovudvassdraga som renn gjennom Gol. Det kan sjølv sagt bli flaum i mindre elver og bekkar, men dette er meir relevant å behandle på reguleringsplannivå. Slike område blir vareteke gjennom omsynssoner for flaum.

Det er ikkje registrert kvikkleire i Gol kommune. Heile Gol kommune ligg over marin grense, og kortaste avstanden til sjø er 77 km i luftlinje. For å kome dit må ein krysse Hemsedalsfjellet (1 100 moh). Mot aust er kortaste avstand til sjø 118 km i luftlinje.

Gol kommune har ein storulukkebedrift. Den ligg 450 meter unna næraste busetnad. Denne bedrifta ligg i tillegg 100 meter høgare enn næraste busetnad. Kommunen har ikkje lagt inn nye område i nærleiken av denne bedrifta. Det ligg eit industriområde om lag 250 meter unna. Dette industriområdet ligg 90 meter lågare enn storulukkeverksemda.

Nærmiljølemper

Dette er gjort. Noko må likevel vurderast på reguleringsplannivå.

Støy

Dette er gjort. Eitt innspel er fjerna med bakgrunn i støyande aktivitet i nærleiken av busetnad.

Lokal luftkvalitet

Vi kan ikkje sjå at det er nokon innspel som vil forverre luftkvaliteten i Gol kommune.

Varsla endringar i regelverk

Vi kan ikkje sjå at det er nokon grunn for at Gol kommune er i faresona for å overstige grenseverdiane for svevestøv, verken med gjeldande grenseverdier eller forslag til reviderte grenseverdier.

Forureining frå produksjon av pukk, grus, sand og singel

- Åsgardane massetak har ikkje vorte lagt inn i kommuneplanen grunna kort avstand til eksisterande og framtidig busetnad.
- Dette er aktuelt for Fjerdingsbekkhaugen/Smøget. Dei må lage ny reguleringsplan ved utviding.
- Bråten massetak vart ferdig regulert i 2019.

Avløp

Det finst ein overordna hovudplan for avløp og vassmiljø for 2014-2023. Denne er under revidering. Hovudplanen for vatn og avløp og kommuneplanen sin arealdel vil bygge på kvarandre. Det har vorte gjennomført vurderingar av alle tettbebyggelsar i kommunen. Utifrå dette er det beslutta at Auenhauglie må kople seg til det kommunale avløpsanlegget på Golsfjellet når tettbebyggelsen der overstig 2 000 PE. Per i dag har Auenhauglie løyve til 1 980 PE, og det er brukt om lag 1 000 PE.

Det er også gjort vurderingar uavhengig om tettbebyggelsen går over kommunegrensa.

Vassmiljø og naturmangfald

Vi meiner at miljømåla for vasskvalitet blir sikra gjennom føresegnene. Det er svært få resipientar i kommunen som er godt kartlagt, som gjer vurderinga vanskeleg no. Det er difor lagt inn føresegner for å varetake dette, 1.7.1 e og f:

- *Ved detaljregulering i område der tettbebyggelsen vil overstige 50 PE utanfor reinsedistrikta, skal det gjennomførast resipientvurdering. Resipientvurderinga skal ligge ved til 1. gongsbehandling.*
- *Planar og tiltak som rører ved vassførekomst med vedtekne miljømål i samsvar med vannforskriften skal greie ut korleis planen/tiltaket påverkar måloppnåinga.*

Det er lagt inn føresegn om vegetasjonssone på minimum 10 meter langs vassdrag, jf. 1.4.2 d.

Det er lagt inn føresegn om at det berre er tillatt med bekkelukking der det er naudsynt, jf. 1.4.3 b.

Nedbygging av myr – ikkje problematisert i KU

Vi er samd i at det ikkje har vorte gjort gode nok vurderingar av myr til 1. gongsbehandling. Frå innspela kom inn til no, har tap av myrområde vorte redusert frå 340 daa til om lag 58 daa. Av dei 58 daa med myr er det noko som omfattar endring av eksisterande utbyggingsområde (9 daa), og noko myr som ligg midt inne i utbyggingsområde som administrasjonen vurderer at vil gi snodig arrondering på området. I føresegn 1.10 jordvern er det spesifisert at «*Bebyggelse skal ikkje kome i konflikt med AR5-klassifisering av fulldyrka jord, overflatedyrka jord, innmarksbeite og myr*».

Golsfjellet – mangelfull KU

Administrasjonen tykkjer det er litt urettferdig at vi har fått motsegn til mangelfull konsekvensutgreiing med bakgrunn i naturtypekartlegging av Golsfjellet i 2020.

Naturtypekartlegginga vart offentleggjort om lag ein månad før planforslaget vart levert til politisk behandling. Vi meiner at kunnskapsgrunnlaget som er tilgjengeleg når planarbeidet byrjar bør danne grunnlaget for planarbeidet.

Administrasjonen har likevel brukt naturtypekartlegginga i vurdering av innspela til kommuneplan.


Omsyn til våtmarksfugl

Vi vurderer at planforslaget tek omsyn til våtmarksfugl i revidert planforslag. I Tretteskogane (innspel 3.5 og 3.6) er myrområda er unngått, og innspela er no moderat utviding av dei eksisterande felta. Områda er redusert frå totalt 319 daa til 64 daa. Det er krav om felles planlegging for dei to områda.

Motsegn til følgjande innspel med bakgrunn i naturmangfald

3.5 – Tretteskogane

All myr er fjerna. Innspelet går ikkje lenger ut i naturen enn eksisterande fritidsbusetnad. Området er synfart av naturvernrådgiar. Det er etablert buffersone på 200 meter til vatnet der horndykkar er observert. Statsforvaltaren har i brev datert 6. desember 2021 at buffersona bør vere større enn 200 meter grunna at vatn og tjern kan tiltrekke friluftaktivitetar og ved nærliggande utbygging aukar ferdsele og faren for forstyrringar. Næraste regulerte hyttetomt ligg om lag 65 meter unna, og næraste bygde hytte ligg om lag 100 meter unna. Det ligg fire bygde hytter innan 200 meter, sjå Figur 1. Kommunen meiner det er urimeleg å sette ein større buffersone enn 200 meter. Det er også myr rundt vatnet, som gjer ferdsel usannsynleg.



Figur 1: Raud sirkel viser 200 meter buffersoner rundt vatnet der Horndykkar er observert. Det er fire bygde hytter innanfor buffersona, og totalt seks regulerte tomter innanfor buffersona.

3.6 – Bjørkum

All myr er fjerna. Innspelet går ikkje lenger ut i naturen enn eksisterande fritidsbusetnad. Området er synfart av naturvernrådgivar.

3.8 Johannesdalen

Naturvernrådgivar har under synfaring ikkje funne særlege naturkvalitetar. Området er omringa av eksisterande fritidsbusetnad og veg.

3.9 Tubbehaugen camping

Naturvernrådgivar har under synfaring ikkje funne særlege naturkvalitetar. Området er omringa av eksisterande fritidsbusetnad landbruksareal. Det kjem fram av føresegnene at jordlova er gjeldande. Dyrka mark skal tilbakeførast dersom campingdrifta blir lagt ned.

3.10 Røyseskogen

Naturvernrådgivar har under synfaring vurdert at området ikkje har verdi som hekkeområde for våtmarksfugl. Området er delvis bebyggt med hytter. Fortetting.

4.1 Einarset

NiN-kartlegging syner boreal hei med dårleg kvalitet, noko naturvernrådgivar bekrefta under synfaring. Det er ein bekk i området. Området er redusert grunna bekk og myr. Naturvernrådgivar vurderer kunnskapsgrunnlaget til å vere godt.

4.2 Kamben

Ikkje NiN-kartlagt. Området er lite og innanfor arealet finst det fleire gamle bygningar. Marka rundt kan karakteriserast som attgrodd gardsplass som grenser til dyrka mark. Naturvernrådgivar vurderer kunnskapsgrunnlaget til å vere tilstrekkeleg.

4.3 Kamben

NiN-kartlegging syner naturbeitemark med særst redusert verdi grunna attgroing og fordi enga er i sein gjenvekst. Området er i nyare tid teke i bruk att og blir beita nokså ekstensivt. Varierende beitetrykk. Ikkje funne framande artar under kartlegging. Truleg ikkje gjødsla. Kommunen vurderer kunnskapsgrunnlag til å vere tilstrekkeleg basert på NiN-kartlegginga.

4.4 Kamben

Delar av området er steinfylling. Noko av resterande område er registrert som naturbeitemark i NiN-kartlegginga. Vegetasjon i sein gjenvekstsuksesjonsfase. Ikkje registrert framande artar under kartlegging. Eng ikkje gjødsla. Køyreskadar på lokalitet. Synfaring juli 2021. Delane som ikkje er steinfylling er attvakse naturbeitemark. Tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag.

4.5 Ørterstølen

Området er bygd med hytter og leilegheiter, og er regulert til fritidsbusetnad. Synfaring juli 2021 syner semi-naturleg eng med særst låg lokalitetskvalitet og tilstand grunna attgroing. Tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag.

4.6 Ørterstølen

Mesteparten av området NiN-kartlagt som syner semi-naturleg eng med særst redusert kvalitet grunna attgroing og fordi den ikkje er i bruk. Vegetasjon i sein gjenvekstsuksesjonsfase. Ikkje registrert framande artar under synfaring. Enga blir ikkje gjødsla. Køyreskadar på lokalitet. Tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag. Området er redusert så det ikkje omfattar myr.

4.7 Bualie vest (no 4.9 Bualie vest)

NiN-kartlegging syner boreal hei og naturbeitemark. Boreal hei er særst redusert grunna kombinasjon av attgroing og spor av ferdsl med tunge køyretøy. Korrespondanse med hytteeigarar i området tilseier at området ikkje blir beita lenger, men at det har vorte beita inntil nyleg. Betydeleg mengde spor av tunge køyretøy. Ikkje registrert menneskeskapte objekt på lokaliteten. Ikkje funne framande artar på lokaliteten. Tilstand på naturbeitemark er dårleg grunna attgroing og fordi området ikkje er i bruk. Vegetasjon i tidleg gjenvekstsuksesjonsfase. Ikkje registrert framande artar under kartlegging. Enga blir ikkje gjødsla. Kommunen vurderer kunnskapsgrunnlag til å vere tilfredsstillande med bakgrunn i NiN-kartlegging. Området er redusert så det ikkje omfattar myr.

4.8 Bualie sør (no 4.10 Bualie midt)

Ikkje NiN-kartlagt. Juletreskog inntil nyleg. Synfaring juli 2021. Lokalitet vekslar mellom tørr og frisk mark. Tidlegare dyrka mark/beite. Ingen raudlisteartar eller framande artar vart påvist. Mellom 2021 og 2022 har området vorte omdisponert til dyrka mark att. Kunnskapsgrunnlaget er tilfredsstillande.

4.9 Bualie (no 4.11 Buo)

Ikkje NiN-kartlagt. Nyleg hogd og brukt til beite. Synfaring juli 2021. Lokalitet vekslar mellom tørre og fuktige parti. Tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag. Området er redusert til å ikkje omfatte dyrkbar mark.

4.10 Bualie nord (no 4.12 Bualie nord)

Mesteparten av området kartlagt etter NiN-metoden og er boreal hei med dårleg tilstand grunna rask suksesjon. Variasjon i attgroingsstadium på lokaliteten. Blir beita med sau, men tettleik av beitedyr er lågt og beitetrykket er difor lågt. Likevel variasjon i beitetrykk frå fråverande til moderat. Fritidsområde med få menneskeskapte objekt. Mange stiar og førekomstar av turskilt. Ikkje funne framande artar på lokalitet. Lite spor av ferdslø med tunge køyretøy. Stort naturmangfald grunna storleik. Boreal hei er kalkfattig og lite variasjon i økologiske tilhøve. Registrert ein kartleggingseining. Ingen raudlisteartar registrert. Tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag med bakgrunn i NiN-kartlegging. Området er redusert til å ikkje gjelde myr, dyrka mark og dyrkbar mark.

4.13 Guriset (no 4.15 Guriset)

NiN-kartlagt som boreal hei med dårleg tilstand grunna rask suksesjon. Variasjon i attgroingsstadium. Beita av sau, men tettleik av beitedyr er låg og beitetrykket er lågt. Friluftsområde med få menneskeskapte objekt. Mange tiar og førekomstar av turskilt. Lite spor av tunge køyretøy. Ikkje funne framande artar. Stort naturmangfald grunna storleik på området. Boreal hei kalkfattig og noko variasjon i økologiske tilhøve. Hovudsakleg variasjon i uttørkingsgradient og registrert fem kartleggingseiningar. Funne den raudlista arten bakkesøte. Tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag. Området er redusert.

4.16 Oset høvfjellshotell (no 4.18 Oset høvfjellshotell)

Området ligg inne som byggeområde i gjeldande kommuneplan.

Små polygon som er NiN-kartlagt som boreal hei med moderat kvalitet grunna attgroing. Lite variasjon i attgroingsstadium på lokalitet og området er i hovudsak spreidd attgrodd tilsvarande tidleg gjenvekstsuksesjonsfase. Ikkje beita. Uvesentleg grad prega av menneskeskapte objekt og aktivitet. Ikkje registrert menneskeskapte objekt på lokalitet. Lite eller ingen spor av ferdsel med tunge køyretøy. Ikkje funne framande artar på lokalitet.

Ingen variablar trekk opp og naturmangfald er vurdert til lite. Området har liten storleik. Heia er hovudsakleg tørr og kalkfattig og det er lite variasjon i økologiske tilhøve (to kartleggingseining). Ikkje registrert raudlisteartar under kartlegging. Tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag.

4.17 Oset/Tisleia (no 4.19 Oset/Tisleia)

Delar av området er NiN-kartlagt som boreal hei med særleg dårleg kvalitet. Kartlagt av Gol kommune juli 2020. Tett attgrodd tilsvarande sein gjenvekstsuksesjonsfase. Ikkje beita. Friluftslivsområde til ein

viss grad prega av menneskeskapt objekt og aktivitet (turløyper og skispor). Registrert eit menneskeskapt objekt (fritidsområde). Lite eller ingen spor av ferdsel med tunge køyretøy. Ikkje funne framande artar på lokaliteten. Moderat naturmangfald grunna storleik. Heia hovudsakleg frisk til tørr og kalkfattig og lite variasjon i økologiske tilhøve (to kartleggingseiningar). Tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag.

5.9 Lauvsjø

NiN-kartlagt som boreal hei med dårleg tilstand grunna attgroing. Mykje variasjon i attgroingsstadium på lokalitet og varierer frå opent og intakt til tett attgroing. I snitt tilsvarande sein gjenvækstsuksesjonsfase. Også mykje variasjon i beitetrykk, frå fråverande til moderat (i hovudsak sau). I uvesentleg grad prega av menneskeskapt objekt og aktivitet med unntak av enkelte turstigar. Få eller ingen spor av tunge køyretøy. Ikkje funne framande artar. Naturmangfald vurdert til stort grunna storleik på området. Heia hovudsakleg frisk til tørr og kalkfattig til intermediær. Mykje variasjon i økologiske tilhøve. Førekjem myrdrag og flekkar av blokkmark. Ikkje registrert raudlisteartar under kartlegginga. Tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag.

Området er fjerna og tilbakeført til LNF-formål. Dette innspelet åleine reduserer tap av dyrkbar mark med 130 daa.

6.1 Skaraåsen

Området er regulert. Innspelet ønsker å samle tre spreidde utbyggingsområde til eitt område.

Fra synfaring rapport 15-17. juli.

Artsinventar:

Nordleg del – i høgden: spredte granklynger med innslag av bjørk og furu. Busksjiktet dominert av fjellbjørk, einer og vier. I feltsjiktet dominerer lyngartar som blåbær og krekling. Spredt innslag av fugletegl. Kvitkrull og mosearter enkelte stader. Rundt småvatn og myr er det mykje duskmyrull og multe.

Midtre del, noko lågare i terrenget og ned mot Gurotjerne er bevokst med gran og bjørk, men innslag av furu. Her er felt – og botnsjikt dominert av fugletegl, smyle, marimjelle der ikkje einer har komme for langt. Øvrige artar som ble funne er: Blåbæt, kattedot, linnea, skogstorkenebb, gullris, syre, tveskjeggveronika, bittekonvall, skogstjerne, teiebær, olavstake, tyrihjel, kråkedot, skogsnelle, flaskestarr og slåttestarr.

Beskrivelse

Kvalitetar: Små tjern/dammar inne i området. Har betydning for insekt som vannkalv (observert). Forøvrig vart det funne mykje ekskrement etter elg i området, noko som tydar på at området har verdi som leveområde for denne arten.

Sammenlignet med NiN-kartlegginga som er gjort på Golsfjellet blir det riktig å kategorisere mye av området i de høyereliggende partiene som boreal hei i sein gjenvækstsuksesjonsfase.

Kommunen vurderer kunnskapsgrunnlaget til å være tilfredsstillende.

Området er redusert ytterlegare. Det omfattar ikkje lenger myr.

7.2 Vermefoss

Synfart juli 2021. I skogen som ikkje er hogd vekslar det mellom tørre og fuktige parti. Funne fleire individ av orkideen knerot rundt dei fuktige partia. Kantsone langs bekk er ikkje bevart etter hogst.

Saman med faktaark knytt til naturtypelokaliteten vurderer kommunen at det samla kunnskapsgrunnlaget til å vere tilfredsstillande.

Området er fjerna frå kommuneplanen og tilbakeført til LNF-formål.

Klimagassutslepp, auka karbonlagring og klimatilpassing

Kommunen bør vurdere korleis klimagassutslepp kan reduserast i både nye og etablerte område med fritidsbustader.

- Klimapilot med Hemsedal – sei noko om det (møte måndag)
 - o Alternative energikjelder skal vurderast (sjå på KDP)
- Korleis kan kommunen vurdere korleis klimagassutsleppa kan reduserast i nye og etablerte område med fritidsbustader?
- Noreg har som mål å bli eit lågutsleppssamfunn innan 2050. Omdisponering av skog og myr til andre formål bidreg til klimagassutslepp og har negative konsekvensar for naturmangfald og økosystemtenester.

Landbruk

Statsforvaltaren meiner Gol kommune har gode overordna arealstrategiar for arbeid med kommuneplanen med overordna føringar om at dyrka og dyrkbar mark skal vernast for utbygging og at jordlova §§ 9 og 12 skal gjelde. Kommunen ønsker ikkje å ta i bruk beiteområde som byggeområde og vil bevare stølar og stølsvollar.

Merknader til utgreiingar (KU) og vurderingar i planen:

1. Dette er no laga oversikt over omdisponering av dyrka og dyrkbar jord, for kvart område og samla.
2. Omsyn til kulturlandskap/stølsområde er til ein viss grad vurdert. Myr er vurdert. Skog/vernskog og samanhengande LNF-område er til ein viss grad vurdert. Administrasjonen er klar over at mange av byggeområda gjeld dyrkbar jord og myr.
3. Kommunen har utgreidd langsiktige byggegrensar for område med fritidsbusetnad i form av at omsynssonene H530 og H560 og markagrensa er vidareført. Det er ikkje tillatt ny utbygging innanfor desse områda.
4. Områda avsett til LNF for spreidd fritidsbusetnad er etablert med formål å forenkle saksbehandlina. Det er unødvendig å krevje dispensasjon for tilhøve som uansett vil bli godkjent. Aktuelt å fjerne dette då det er krav til konsekvensutgreiing av alle slike område.
 - a. Kva må til for at vi kan få det inn? Kor omfattande må vi gjere det?
5. Beitekarta er brukt i utgreiingane.
6. Omsyn til stølsområda er vurdert. Det er ingen setrar frå Kilden som blir direkte berørt av innspel til kommuneplanen.
7. Administrasjonen er samd i dette og har endra fortettingsomgrepet til utviding i dei tilfella det er aktuelt.

Motsegn til nye arealforslag

Statsforvaltaren har motsegn til arealforslag som dei meiner er vesentleg i strid med omsyn til dyrka mark og dyrkbar jord, matproduksjon og større samanhengande landbruksområde med verdifullt kulturlandskap og grøne strukturar.

Golsfjellet aust for Valdresvegen


Det er no spesifisert i KU at dersom innspelet skal tilrådest *skal* dyrka mark tilbakeførast dersom campingdrifta blir lagt ned. I føresegnene står det at fundament ikkje er tillatt på campingplassar. Det er vidare spesifisert for område BC2 (Tubbehaugen camping) at dyrka mark *skal* tilbakeførast dersom campingplassen blir lagt ned.

Golsfjellet aust

Mange aktive stølsområde med dyr på beite og dyrka og dyrkbar mark. Bør vurdere områda ved Einarset og Storefjell, Kamben, Bualie og Guriset samla for å unngå oppstykking av større samanhengande LNF-område.

4.1, 4.3 og 4.4 Einarset ved Storefjell, Kamben gbnr. 24/9, 10/316 og 23/32: 11 +23 + 8 daa dyrkbart, tett på dyrka jord i større, aktive stølsområde.

- 4.1 Einarset (no 4.2 Einarset, 24/9) er redusert til 6 daa. Området sin arrondering gjer det ikkje tenleg å dyrke. Området har kvit farge i Figur 2.
- 4.3 Kamben (no 4.4 Kamben, 10/316) ligg i nærleiken av eksisterande fritidsbusetnad. Området ligg i tilknytning til eksisterande fritidsbusetnad og ligg nære fritidsaktivitetar. Innanfor satsingsområde for reiseliv. Området har svart farge i Figur 2.
- 4.4 Kamben (no 4.5 Kamben, 23/32) utvidar rekka med regulert fritidsbusetnad med om lag 8 daa i nord. Dette er siste utviklingsmoglegheit for grunneigar i dette delfeltet. Delar av området er ein steinfylling. Området har lilla farge i Figur 2.




Figur 2: Viser dyrka mark, innmarksbeite, myr og dyrkbar mark for Einarset, Storefjell, Kamben og Ørterstølen. Det er egentleg berre innspel 4.4 Kamben, 10/316 (svart) som direkte stykkar opp landbruksareal. Blå strek er innspel som er fjerna. Raud strek er område der det ikkje er motsegn knytt til landbruk.

4.7 og 4.8 Bualie vest og sør, gbnr 13/20: 20 dyrkbart + 33 daa tidl. dyrka, (dyrkbar jord fra 2008, NIBIOs kart).

- 4.7 Bualie (no 4.9 Bualie vest) ligg i tilknytning til eksisterande fritidsbusetnad, og vil vere ein utviding av denne. Området er soleis «innesperra» av myr i sør og fritidsbusetnad i nord. Området er truleg såpass bratt at det ikkje vil vere fornuftig å dyrke. Dersom området ikkje låg inntil eksisterande fritidsbusetnad, er vi samd i at området ikkje burde vorte lagt inn som byggeområde. Ligg i satsingsområde for reiseliv med kort avstand til både skiløyper, skiheis og andre fritidsaktivitetar. Området har kvit farge i Figur 3.
- 4.8 Bualie (no 4.10 Bualie midt) ligg inneklemt mellom fritidsbusetnad og veg. Om lag 18 daa av området er no tilbakeført til dyrka mark. Gjødsling vil truleg skape konflikantar mot turistar, noko som er synd, men sant. Dette området er kanskje det beste satsingsområdet for tett fritidsbusetnad på Golsfjellet, om ein ser vekk frå at området både er registrert som dyrka og dyrkbart. Området har brun farge i Figur 3.
- 4.9 Bualie (no 4.11 Buo) er redusert slik at dyrkbar mark ikkje lenger blir omfatta. Området har gul farge i Figur 3. Blått område nord for gult område er fjerna.
- 4.10 Bualie nord (no 4.12 Bualie nord) er uendra. Dyrka og dyrkbar mark vart fjerna i 1. gongbehandling.
- 4.11 Guriset, 13/265 (no 4.13 Guriset) er fjerna grunna dyrkbar mark i tilknytning til dyrka mark, og at området er den siste «tomme» strekninga mellom Gurisetvegen og Tisleia. Området har grå farge i Figur 3.

- 4.12 Guriset, 13/15 (no 4.14 Guriset) ligg til dels inneklemt mellom hytter og veg. Nytt landbruksareal vil difor bli fragmentert. Alternativt kan innspelet reduserast til sørenden av dei eksisterande tomtene. Området har rosa farge i Figur 3.
- 4.17 Oset/Tisleia (no 4.19 Oset/Tisleia) ligg i satsingsområde for Golsfjellet. Området har svart farge i Figur 3.



Figur 3: Viser dyrka mark, innmarksbeite, myr og dyrkbar mark for Bualie, Oset og Guriset. Mørk blå strek er fjerna innspel. Raud strek er område der det ikkje er motsegn knytt til landbruk.

Arealrekneskap og konklusjon Golsfjellet aust:

- For Golsfjellet vest er det no 374 daa som blir endra frå LNF-formål til utbyggingsformål. Totalt 504 daa som endrar formål.
- 205 daa med dyrkbar mark blir omdisponert frå LNF-formål til utbyggingsformål. Totalt 271 daa dyrkbar mark blir omfatta av endringar i kommuneplan.
- 20 daa med dyrka mark går tapt. Ved 1. gongsbehandling var det berre 2 daa, men 18 daa har vorte omdisponert til dyrka mark mellom 2020 og 2021.

Golsfjellet vest

Mange aktive stølsområde med dyr på utmarksbeite og mykje dyrka og dyrkbar jord. Områda bør vurderast samla for å unngå oppstyking av større samanhengande LNF-område:

Samla motsegn 5.3 Auenhauglie 29/1, 5.4 Auenhauglie 25/33, 5.7 Auenhauglie 29/2, 5.8 Golsfjell fjellstue A1 37/9, 5.9 Lauvsjø, 5.13 Lauvset ved Sagabråten seter.


Sjølv om motsegna mot Golsfjellet vest er samla, er det likevel relevant å sjå på enkelte av områda kvar for seg. Dersom ein startar med Auenhauglie, ser ein at området er delt i to tydelege landbruksområde (sjå Figur 4); aust og vest. Viss ein tek den austre delen fyrst:

Innspel 5.3 (gul strek i Figur 4) og 5.4 (rosa strek i Figur 4) utvidar regulert fritidsbusetnad i område som ikkje er dyrka eller dyrkbare. Ved å utvide dette hytteområdet unngår ein å bygge ned det

austre stølsområdet i Auenhauglie, som ligg aust for desse to områda. Dersom ein er fysisk i denne delen av Auenhauglie, vil ein oppfatte det som at stølsområdet byrjar aust for desse områda. Det at formannskapet har avslått innspel 5.5 Auenhauglie 27/25 nord (blå strek til høgre i Figur 4), bidreg nettopp til å bevare stølslandskapet i Auenhauglie.

Den vestre delen av Auenhauglie består av innspel 5.7 Auenhauglie 29/2 (lilla strek i Figur 4) og 5.8 Golsfjell fjellstue A1 37/9 (svart strek i Figur 4). I innspel 5.7 vart dyrka mark fjerna frå innspelet, noko som kanskje ikkje kom godt nok fram. Nord for den dyrka marka er det regulert fritidsbustader i dag. Dyrka mark kan difor ikkje utvidast. Det dyrkbare området som ligg i tilknytning til den dyrka marka er også regulert til fritidsbustader.


Innspel 5.8 er regulert til friområde. Det er altså ikkje definert som landbruksareal i dag. Dette området ligg derimot i eit større dyrkbart område som ligg i tilknytning til dyrka mark.



Figur 4: Viser dyrka mark, innmarksbeite, myr og dyrkbar mark for Auenhauglie. Mørk blå strek er fjerna innspel. Raud strek er område der det ikkje er motsegn knytt til landbruk.

Innspel 5.9 Lauvsjø BF13 er fjerna som byggeområde og attendeført til LNF-formål. Dette innspelet åleine reduserer tap av dyrkbar mark med 130 daa.

Siste innspelsområde med motsegn er 5.13 Lauvset ved Sagabråten seter. Om lag 11 daa av området er dyrkbart. Området ligg litt i utkanten av sjølve stølsområdet (sjå Figur 5).



Figur 5: Viser dyrka mark, innmarksbeite, myr og dyrkbar mark for Lauvset.

Arealrekneskap og konklusjon for Golsfjellet vest


- For Golsfjellet aust er det no 564 daa som blir endra frå LNF-formål til utbyggingsformål.
- 42 daa med dyrkbar mark blir omdisponert frå LNF-formål til utbyggingsformål. Totalt 47 daa dyrkbar mark blir omfatta av endringar i kommuneplan.
- 0 daa med dyrka mark går tapt.

Skaraåsen

Innspelet ligg innanfor ein eksisterande reguleringsplan. Innspelet fjernar to større utbyggingsområde for å konsentrere seg i eitt utbyggingsområde. 281 daa blir endra frå LNF med spreidd fritidsbusetnad til LNF-formål. Innspelsområdet er ytterlegare redusert, slik at det no har ein storleik på 205 daa. Området er verken dyrka eller dyrkbart, og myrområdet er fjerna frå kommuneplanen.

Beitebruksplan for Gol omfattar ikkje dette området. Når ein har på kartlaget «Beitebruk» i Kilden, ligg dette området ikkje innanfor noko beitelag. Dei to næraste beitelaga er Ål sankelag – som ligg i Ål – og Gol beitelag – Grønli-/Skaraåsen, som byrjar om lag 1 km nord for innspelsområdet. Næraste registrerte seter i Kilden ligg om lag 2 km unna. Med bakgrunn i dette er det ikkje nærliggande å tru at jordvern og matproduksjon vil bli svekka av at dette innspelet blir lagt inn i kommuneplanen.

Gol kommune vurderer at det er positivt for kulturlandskap, større samanhengande jordbruks- og LNF-område og viktige grønne strukturar at fire utbyggingsområde på totalt 479 daa blir samla til eitt utbyggingsområde på 205 daa.



Figur 6: Viser dyrka mark, innmarksbeite, myr og dyrkbar mark for Skaråsasen. Dei svarte områda er dei tidlegare utbyggingsområda med LNF spreidd fritidsbusetnad. Det blå området er fjerna. Det raude området er det som står att som utbyggingsområde.

Motsegn til føresegn 2.1

- Det er laga ein generell føresegn om jordvern. Den er slik:
 - a) *Bebyggelse skal ikkje kome i konflikt med AR5-klassifisering av fulldyrka jord, overflatedyrka jord, innmarksbeite og myr. Unntak er bebyggelse som har direkte med landbruksdrift å gjere.*
 - b) *Ved regulering av bebyggelse skal avstand til dyrka mark vere minimum 10 meter.*
- Vil den vere tilstrekkeleg? Vi meiner det er betre at den ligg generelt, då det er viktig å unngå for alle formål og ikkje berre fritidsbusetnad.
- Vil denne føresegna omfatta landbruksbygg også?

Samla vurdering av omsyn til jordvern

- Etter å ha gjennomgått alle innspel meiner Gol kommune at det i størst mogleg grad er forsøkt å følgje statlege og fylkeskommunale føringar. Alle nye utbyggingsområde heng saman med eksisterande utbyggingsområde, anten gjennom utviding eller fortetting. Når ein skal legge inn nye område i kommuneplan er det vanlegast å ta av LNF-område. Totalt vil potensielt om lag 1 650 daa LNF-område gå tapt dersom alt nytt areal blir bygd ut. Samstundes er om lag 570 daa med utbyggingsområde teke ut av kommuneplanen. Det er likevel ønskeleg å ta minst mogleg areal som kan nyttast til landbruk eller areal som er viktig for natur, miljø og friluftsliv.

- Det er difor forsøkt å unngå å legge inn område som rører ved dyrka mark og myr. Fleire innspel har vorte redusert eller fjerna grunna at dei rører ved dyrka mark, dyrkbar mark eller myr. Under er ein oversikt over dyrka mark, dyrkbar mark og myr som avgår som ein følgje av at det blir lagt inn nye byggeområde i kommuneplan:
 - Dyrka mark: 33 daa
 - Dyrkbar mark: 267 daa
 - Myr: 58 daa
- Fortettingsomgrepet er endra til utviding i dei tilfella der det ikkje faktisk er fortetting.
- Alle innspel ligg lågare i terrenget enn eksisterande bebyggelse, med unntak av 4.9 Bualie vest, 13/20. Dei aller fleste innspela ligg i område med uproduktiv skog.

Merknad til større byggeområde i gjeldande kommuneplan (2011)

- Kombinert formål ved Jønnbustølen, gbnr. 11/15, 9/322 m. fl. Det er levert inn eit planinitiativ for dette området, og utarbeiding av reguleringsplan er på gang. (Seigerud)
- Kombinert formål 11/8 – Grunneigar har vurdert om dei skal gå i gang med regulering. (Stensrud)
- Kombinert formål gbnr. 11/1 – (Ole Berg)
- Kombinert formål gbnr. 13/265 ved Nedre Guriset
- Næringsområde, gbnr. 37/48 ved Auenhauglie – området er overflateregulert i dag, og arbeid med reguleringsplan pågår.
- Kombinert formål Skagahøgdi – den delen som ikkje er regulert er attendeført til LNF-formål. Dette kom ikkje godt nok fram av 1. gongsbehandlinga.

Det har vore politisk vurdering av dei aktuelle områda, og det er ikkje ønskeleg å ta ut nokon av dei.

Motsegn til LNFR for spreidd fritidsbustader med føresegner

- Nye LNFR-område for spreidde fritidsbustader må konsekvensutgreiast
- Dei nye LNFR-områda for spreidde fritidsbustader må vere framtidige.

Andre merknader til byggeområde og føresegn

- Bør setje *minimumskrav for kantsone/byggegrense mot dyrka og dyrkbar jord*. Tilrår minimum 30 meter, og minst 100 meter i stølsområde.
 - Forslag på 10 meter.

Føresegn 1.9.1 – Byggegrense mot vassdrag – landbruksvegar

- Fjerna landbruksveg og masseuttak knytta til landbruk frå føresegna.

Føresegn for større idrettsområde. 2.5

- Krav om reguleringsplan for nye tiltak kan vere aktuelt.
- Det er mykje dyrka jord nord for flyplassen, og dyrkbar jord sør for flyplassen. Dersom jordlova §§ 9 og 12 skal vere gjeldande, vil det ikkje vere mogleg å utvide flyplassen/luftsportsenteret. Dette vil vere uheldig.
- For idrettsanlegg kan jordlova kanskje vere gjeldande, men det må vere tillatt å etablere infrastruktur som har direkte med drift av anlegg å gjere, som master til skiheis, heisbu og liknande.

Fritids- og turistformål, camping, 3.9 Tubbehaugen BC2

- Vi kan forsøke å legge inn at servicebygg og liknande ikkje skal leggest på dyrka mark.
- Dyrka mark skal tilbakeførast dersom campingdrifta blir lagt ned

Samanhengande LNF-område med dyrkbar jord og/eller myr

- 3.4 Hamarstad:
 - o Ikkje samd i at det er større samanhengande LNF-område, då området er omringa av veg og byggeområde på tre sider. Området er avsett til byggeområde i dag. Dyrkbar jord vart omdisponert i 1988. Dyrkbar jord i sør er myr, og uaktuelt å dyrke.
- 4.6 Ørterstølen (no 4.7):
 - o Langt til dyrka mark. Inneklemmt av myr og bebyggelse på tre sider.
- 4.13 Guriset (no 4.15)
 - o Byrjunga på eit større samanhengande LNF-område. Ikkje dyrka eller dyrkbart. Området har tidlegare vorte redusert til å ikkje gå innanfor markagrensa.
- 4.16 Oset høvfjellshotell (no 4.18)
 - o Eksisterande byggeområde, men endra frå næring til kombinert.
- 8.1 Skaga FHS
 - o Administrasjonen har vurdert at museum kan kategoriserast som tenesteyting. Folkehøgskulen er uansett tenesteyting. Jordlova er relevant at er gjeldande. Aktuelt med omsynssone for dyrka jord og slåttemark. – snakke med Torleiv om omsynssoner.

Tamreinareal

- Gol kommune har gitt Statsforvaltaren i Trøndelag og Filefjell reinlag ANS høve til å uttale seg. Filefjell reinlag har ikkje uttalt seg. Statsforvaltaren i Trøndelag påpeikar at motsegnsmynde i plansaker er den stadeigne statsforvaltaren. Det er difor inngått samarbeidsavtale med Statsforvaltaren i Oslo og Viken at dei skal innhente reindriftsfagleg vurdering frå Statsforvaltaren i Trøndelag. Normalt skal difor areal- og plansaker frå Gol kommune sendast til Statsforvaltaren i Trøndelag frå Statsforvaltaren i Oslo og Viken.
- Det er ikkje gjort endringar i kommuneplanen i område der det er tamreinareal.

Juridisk vurdering av føresegna

1.1 Plankrav til område og 1.2 Unntak frå plankrav

- I punkt 1.1 er det plankrav til § 20-1 a, d, g, k, l og m, medan det i 1.2 er unntak frå plankrav for § 20-1 b-j.
- 1.1 Plankrav er ikkje endra, men 1.2 Unntak frå plankrav er endra til b, c, e, f, h, i og j.

1.9.1 Byggegrense langs vassdrag

Er oppdatert til å berre ligge under punkt 1.4 byggegrenser.

2.1 Fritidsbustader

Retningslinje for bruk av hytte som heilårsbustad:

- Retningslinja er oppdatert i tråd med siste vedtak. Det betyr at mellom anna dispensasjonen er gyldig i fem år.
- Dispensasjon følger ikkje lenger søkar.

2.6 Campingplass

Er no lagt under hovudformål fritids- og turistformål.

3.1 Areal for spreidd bustadbygging (no 3.2)

- Areal for LNF spreidd bustadbygging og fritidsbusetnad har bytta plass, slik at det blir likt som fritidsbusetnad og bustader (punkt 2.1 og 2.2).
- Retningslinjer for tiltak på nye og eksisterande bustader i LNF-område er flytta til punkt 3.0 for å unngå misforståingar. Retningslinja er også endra.

3.2 Areal for spreidd fritidsbusetnad (no 3.1)

- Areal for LNF spreidd bustadbygging og fritidsbusetnad har bytta plass, slik at det blir likt som fritidsbusetnad og bustader (punkt 2.1 og 2.2).
- Retningslinjer for tiltak på eksisterande fritidsbustader i LNF-område er flytta til punkt 3.0 for å unngå misforståingar. Retningslinja er også justert.
- 3.1g) er fjerna.
- 3.1h) er vidareført på føresegn om spreidd bustadbygging då det kan vere eksisterande fritidsbustader i område for spreidd bustadbygging.